



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Miljøvernavdelinga

Saksbehandlar: Bjarne Nes, tlf.: 57 65 51 49

Inspeksjonsrapport

Saksnummer: 2008/1498

Informasjon om verksemda

Namn: Flora kommune	Dato for inspeksjonen: 04.06.2008
Adresse: Markegata 51, 6901 Florø	Telefon: 57 75 60 00
Besøksadresse:	Organisasjonsnr.: 935 473 578
Kommune/kommunenr.: Flora / 1401	Bransjenr. (NACE-kode): 75.110

Tilstades under kontrollen

<u>Frå verksemda/kommunen:</u> Reidulf Refsnes Rune Kristiansen Torill Hjorthaug Trond Gulliksen (under synfaringa)	<u>Frå Fylkesmannen:</u> Gunn Helen Henne Bjarne Nes
---	--

Hovudtema for kontrollen

- Status for gjennomføring av nye krav
- Dokumentasjon av storleik på utslepp
- Overløp av ureinsa avløpsvatn
- Prøvetaking
- Risikovurdering
- Avviksbehandling

Resultat frå kontrollen

Rapporten omtalar eventuelle avvik som vart avdekkja, og merknader som vart gjevne under kontrollen. Definisjon av avvik og merknader er gjevne på side 2.

Fylkesmannen avdekkja 1 avvik og gav 5 merknader ved kontrollen.

Oppfølging etter kontrollen

Fylkesmannen pålegg kommunen å gje ei skriftleg tilbakemelding der de gjer greie for dei tiltaka som er gjennomførte og eventuell tidsplan for ytterlegare tiltak for å rette opp avvik. Kommunen vert òg bedt om å kommentere dei tilhøva som er omtalt som merknader.

Frist for skriftleg tilbakemelding er: 31.08.2008.

Pålegget om skriftleg tilbakemelding er gjevne med heimel i forureiningslova § 49. Vedtaket kan påklagast innan 3 dagar etter at pålegget er motteke, jf. forvaltningslova § 14. Ei eventuell klage bør grunngjevast og skal sendast Fylkesmannen.

Stad: Leikanger

Dato: 24.06.2008

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Bjarne Nes
senioringeniør

Definisjon på avvik og merknader

Avvik: Brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerhetslovgjevinga, t.d. brot på krav i ureiningslova, produktkontrolllova, forskrifter med heimel i desse to lovene, eller krav og vilkår fastsett i utsleppsløyve eller dispensasjonar.

Merknader: Eit tilhøve som tilsynsetatane finn naudsynt å peike på for å ivareta helse, miljø og sikkerheit, og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Informasjon om vedtak om tvangsmulkt

Dersom Fylkesmannen ikkje har motteke den skriftlege tilbakemeldinga innan fristen, kan Fylkesmannen fatte vedtak om tvangsmulkt. Vedtak om tvangsmulkt blir gjeve med heimel i forureiningslova § 73. Ei eventuell tvangsmulkt kan fastsetjast som eit eingongsgebyr eller eit løpande dagsgebyr som gjeld så lenge tilbakemeldinga ikkje er motteke.

Kontrollaksjonen Avløp 2008

Kontrollaksjonen skal bidra til å verne miljøet mot uheldige verknader frå utslepp av kommunalt avløpsvatn. Målet med aksjonen er å kontrollere at kommunalt avløpsvatn vert reinsa i samsvar med avløpsregelverket. Ved denne aksjonen skal ureiningsstyresmaktene m.a.:

- Kartlegge status for gjennomføring av nye krav.
- Bidra til at nye krav vert gjennomført innan fastsett frist.
- Medvirke til betre datakvalitet

Aksjonen er retta mot avløpsanlegg i større tettstader ("tettbebyggelse"). Med større tettstader er her meint tettstader med samla utslepp større enn 2000 personekvivalentar (pe) til elvemunning og ferskvatn, eller samla utslepp større enn 10 000 pe til sjø. Dette er avløpsanlegg som er omfatta av kapittel 14 i "Forskrift om begrensning av forurensning" (ureinings-forskrifta), der fylkesmannen er ureiningsstyresmakt.

Nye krav til avløpsanlegg

Kapittel 14 i ureiningsforskrifta tok til å gjelde 1. januar 2007. Kapitlet inneheld minimumskrav til utslepp av kommunalt avløpsvatn frå større tettstader. Det er m.a. nye krav til reinsing, overløp og prøvetaking. Nye reinsekrav tek til å gjelde seinast 31.12.2008. Reinsekrava er avhengig av tilstand i resipienten og kva områdetype den ligg i.

Informasjon om kommunalt avløp

Meir informasjon og hjelpemiddel om avløpsregelverket finn ein på www.sft.no/avlop .

Resultat av kontrollen.

Avvik

Avvik 1: Krava til reinsing er ikkje oppfylte

Avvik frå: Utsleppsløyvet datert 17.11.2000, punkt 1.1 i vilkåra for løyvet.

Kommentar: I gjeldande utsleppsløyve er det sett krav om reduksjon i organisk materiale (BOF₅) med 20%, og reduksjon av suspendert stoff (SS) med 50%. Dette er i samsvar med primærreinskravet, jf. § 14-2 i ureiningsforskrifta. Målingane som er gjort ved silanlegget, viser så langt at dette kravet ikkje vert oppnådd.

Når det gjeld dei utsleppa som vert ført via slamutskiljar blir ikkje reinseeffekten målt.

Merknader

Merknad 1: Grunnlaget for å fastsetje reinsekrav er mangelfullt

Kommentar: Dokumentasjon på utrekning av storleiken på tettstaden Florø er mangelfull. Det er gjort utrekningar i samband med hovudplan for avløp med utgangspunkt i år 2006 og 10 år fram i tid, men Norsk Standard NS 9426 er ikkje lagt til grunn. Vesentlege bidrag frå industripåselepp er heller ikkje teke med.

Kommunen har ikkje gjort tilstrekkeleg førebuing til å møte nye krav frå 31.12.2008, sjå òg merknad 3 i rapporten.

Merknad 2: Overløp av ureinsa avløpsvatn vert ikkje talfesta

Kommentar: Det vert opplyst at kommunen har fem overløp på fellessystemet i sentrum, og at i alle fall fire av desse kan vere i drift i periodar. Ingen av overløpa har registrering av tid for overløp eller overløpsmengde. Overløpet på reinseanlegget blir registrert når det er i drift.

Frå 31.12.2008 skal driftstid for overløp registrerast eller bereknast.

Merknad 3: Kommunen har ein tidsplan som tilseier at reinsekrava ikkje blir oppfylte innan fristen, jf. kapittel 14 i ureiningsforskrifta.

Kommentar: Avløpssystemet for tettstaden Florø består av mange utslepp, spreidde rundt heile Florølandet og i Brandsøya. Det meste av avløpsvatnet passerer kommunale eller private slamutskiljarar før utslepp til sjøen. Det er dessutan bygt eitt silanlegg, dimensjonert for 4000 pe, og som behandlar avløpsvatn frå deler av sentrumsområdet (reinsedistrikt 2 og 3).

Sjølv om utrekningane som er gjort av samla avløpsmengde frå tettstaden er usikre (jf. merknad 1), vert det føresett at denne er større enn 10.000 pe når påselepp frå industri og framtidig vekst blir rekna med. Kommunen reknar med å søkje om unntak frå kravet om sekundærreining, og har no ingått avtale om resipientgranskingar som grunnlag for søknaden. Granskinga skal utførast i 2008.

Flora kommune har uansett ei stor utfordring med omsyn på å tilfredsstille krava til reinsing og utslepp, jf. kapittel 14 i ureiningsforskrifta. Dersom det gjennom ei grundig gransking av resipienten kan dokumenterast at utsleppa ikkje har skadeverknader for miljøet, er det ein føresetnad at

primærreinskravet vert oppfylt. Dagens reinseanlegg (slamutskiljarar og silanlegg) oppfyller ikkje primærreinskravet, eller kommunen kan ikkje dokumentere at kravet er oppfylt.

Flora kommune har slik vi ser det ingen reell mogelegheit for å imøtekomme reinsekrava innan fristen 31.12.2008. Frå denne datoen vil kommunen difor bryte krava og få avvik i høve kapittel 14 i ureiningsforskrifta, jf. § 14-8 og § 14-17.

Merknad 4: Prøvetakinga ved reinseanlegget (silanlegget) har manglar

Kommentar: Prøvetakinga ved reinseanlegget har i ein periode blitt styrt på tid og ikkje etter innkomen avløpsmengde. Mengdeproporsjonale prøver er eit krav i § 14-11 i ureiningsforskrifta. Det blir teke prøver både på innløp og reinsa avløpsvatn, og prøvene blir oppbevart i kjøleskap under heile prøvetakingsperioden (eitt døgn) og til dei blir sendt vidare til laboratoriet. Det bør vurderast om praksisen ved omrøring av prøven er god nok ved overføring til prøveflaske.

Prøvepunkt for uttak både av ureinsa og reinsa avløpsvatn er fastsett av leverandøren av silen. Kommunen bør etterspørje dokumentasjon på kor representative prøvene er.

Vi viser òg til at det skal vere akkreditert prøvetaking frå og med 2009, jf. § 14-11, og føreset at det i den samanheng vert gjort ein gjennomgang av kvar og korleis prøvene vert tekne ut og handtert.

Merknad 5: Kommunen sitt avvikssystem på avløpssektoren kan betrast.

Kommentar: Det blir brukt to avvikssystem. Eit i samband med vernerundar der det blir utarbeidd rapport og tiltaksplan, og eit særskilt på VAR-sektoren der post/arkivsystemet blir nytta. Det synest likevel usikkert i kva grad avvikssystema blir brukt aktivt på ytre-miljø tilhøve. For eksempel blir det ikkje skriva avvik når det gjennom prøvetaking/analyse vert påvist at utsleppskrava er brotne.